

REFERAT FRÅ STYREMØTE (teamsmøte), 23.05.2023, kl.19.00-21.00

Til stades: Odd Gunnar Vikan, Torgils Eide, Gjermund Geirsta, Herman Tank-Nielsen, Hans G. Myklatun, Stein Verpe og Nils Bjørn Vistad

Sak 1. Økonomi

Jfr. utsendt saksdokument ved e-post av 14.05.23, samt at saka var så vidt oppe på forrige styremøte i Hardanger. Kort sagt går utgiftene opp, inntektene står stille og HG driv p.t. mot eit underskot på kr.30.000 (2023). Frå VU er vidare informert om vedtak om høgere møtegodtgjering, alt frå inneverande år. Ein er godt klar over uvilja mot høgere kontingent, men ein må og vera klar over at den har stått stille i mest 20 år!!

Vedtak: *Styret vil gjera årsmøteframlegg (2024) om auke i kontingenten, med heving av grunnbeløpet frå kr. 200 til kr. 300 og arealsatsen frå kr. 60 til kr.70 pr 1km² (1000 dekar). Ein freistar unngå dei kostnader ein kan dette driftsåret, herunder prioritere digital deltaking og ikkje fysiske møter i ulike fora.*

Skr. gjer reide for saka (behovet for kontingentauke) i eit HG-Nytt.

(Jfr.sak 3, under)

Sak 2. Oppfylgjing kontingentrestanser

HG har alltid slite med sein kontingentinnangang frå for mange medlemmer. Vi må skjerpe prosedyrene på dette punkt. Vi må søke unngå at ein purrar fjorårsrestansen på nytt år!

Vedtak: *Ordinær kontingent blir å kreve inn rett etter årsmøte. Om lag ein månad etter skal restanseliste foreligge, og skriftleg purring gå ut. På ettersommaren skal styret muntleg purre opp «eigne» medlemmer.*

Sak 3. Melding om høgding av møtegodtgjering m.m. i Villreinutvalet (VU)

VU har gjort vedtak om at satsene for møter m.m. skal auke slik:

- Teamsmøter Frå 0 til 800 pr.møte
- Fysiske møter Frå 1.000 til 1.600 pr.dag
- Feltarbeid Frå 2.000 til 2.600 pr.dag
- Dessutan vedtak om kr.10.000 fast til leiar og kr.10.000 fast til nestleiar, grunna meirarbeids-situasjonen etter CWD. I HG har leiar fast kr.30.000, men då ingen møtegodtgjering attåt.

Vedtak: *Styret tar til etterretning dei auka satsene VU alt har vedtatt, men ynskjer oversikt m.o.t. dei økonomiske konsekvenser for FH og HG. For 2023 ber ein om at VU vurderer å hente denne meirkostnaden frå eigne reserver. Dessutan meiner ein at feltarbeid skal godtgjerast etter «full dag».*

Meirarbeidet i høve CWD-saka er eigentleg ei nasjonal sak, der Staten burde dekke all nødvendig innsats frå VU. Det er rimeleg at den potten VU fekk i fjor til dette formålet, går til dekning av dette meirarbeidet,- og at ein fylgjer opp med søknad om ytterlegare midler etter behov.

Sak 4. Stortingsmelding om villreinen

HG-styret har ikkje hatt meldingen til intern handsaming. Som vanleg har Villreinutvalet turnert dette, og utvalet avga uttale 12.05.23. Denne vart oversendt styret same dag. Stiftinga «Redd Villreinen» har og sendt inn sine kommentarer, 11.05.23, som også styret er blitt gjort kjent med. Ein stor svakhet ved forvaltinga i dag er at ein manglar juridiske virkemidlar for styring av uheldig ferdslø. Delegert mynde gjer dessverre også sitt til at næringstiltak ukritisk trumfer villreinomsyn i

lokale saker!

Vedtak: *Til orientering. For ettertida bør det vera høve til kommentarer frå HG/FH før slike uttaler blir sendt.*

Sak 5. Vedtekter for Villreinutvalet (VU)

Styremedlem frå Vinje, Herman, ynskjer å endre vedtektene til VU slik at ein skal unngå at reint arealbetinga saker skal kunne nedstemmast utan arealvekting. Dette kravet er jo elles heilt i samsvar med tradisjonelt utmarksdemokrati (Norges Bondelag/Norges Skogeierforbund): Dersom ein (1) forlanger det, skal avgjerdsle skje basert på areal (f.eks. 1 stemme pr. 1km² i skog eller 5 km² i fjell). Normalt vil dette sjeldan vera aktuelt, men i einskildsaker relevant nok.

Vi har nett lagt bak oss eit nesten 10 år langt løp for endring av styresammensettingen i VU (i dag 4:4, arealmessig rett 5:3 til HG). HG sitt framlegg vart solid nedstemt då hardingane hadde mobilisert mannsterkt i Ullensvang 14.04.23. Etter avstemminga forlot folket møtet! Det må dessutan leggest til at FH så langt er uinteressert i saka,- dei vil ha likt styrketilhøve vidare! Utan ei form for forhåndsavklaring med FH er nok alle framstøyt fånytt (alle avstemmingar vil jo bli etter gamald lest!).

Vedtak: *Herman fylgjer opp vidare mot diverse fjellstyrer og ser om det kan vera grunnlag for von om vedtektsendring for å oppnå arealvekting. Han utarbeider vidare eit notat om saka for vidare e-postdrøfting i styret.*

Sak 6. Styremøtereferater frå VU

Det er ytra ynskje om lettare tilgang til styremøtereferata i Villreinutvalet. VU har uttalt at ein helst vil unngå meirarbeid med konsekvent sending til alle medlemmer. Dessutan kan der vera saker som også tilseier aksomheit i distribusjonen.

Vedtak: *HG er generelt for ei openheitsline. Ein reknar saka kan løysast ved at alle VU-referat blir tilsendt sekr. i HG, og at han kan vidaresende til HG-medlemmer som måtte be om dette i kvart einskilt møtehøve. Sekr. tar dette opp med Svein Erik Lund.*

Sak 7. Rekruttering

Herman hadde reist saka om meir aktiv rekruttering, gjennom direktekontakt med potensielle grunneigerar. Odd Gunnar hadde eit skriftleg utspel for eit år attende, som desverre ikkje førte fram. I debatten kom det klart fram at HG burde bli betre på å bryte dei «store» oppgavene i *arbeidsplanen*, ned til konkrete delmål som ein meir synleg kunne arbeide med. Då ville kanskje også medlemmene sjå nytteverdet av HG på ein klarare måte.

Herman ga uttrykk for at han er villig til å påta seg eit meirarbeide i høve denne saka, men må ha "backing frå resten av styret.

Vedtak: *HG arbeider vidare etter desse linene: Telefonkontakt med potensielle medlemmer og konkretisering av faktiske delmål. Namnetips kan bringas vidare til Herman, elles bør dette og bli ei sak ein «pleier» vidare gjennom bruk av e-post og oppsummering i nytt teams-møte fram i tid.*

Utover saklista kom der opp to andre moment, som bør vera med i protokollen:

- 1) HG skal ikkje bare arbeide med villreinen, grunneigerane/medlemmene har også **andre interesser knytt til eigedomane** sine (fiske, beitedyr, husvære, traktorsleper, andre ressursar m.m.m.). Styret skal vera seg dette bevisst,- og ein tar gjerne mot innspel til tiltak.
- 2) Herman, som også er nestleiar i «**Redd Villreinen**», gjorde klart at denne organisasjonen vil vera utfyllande til HG sine gjeremål, og har ingen planer om å bli forvaltingsaktør på Hardangervidda. Dei vil arbeide for meir relevant forkning og øve politisk påverknad i det høve.

Nils Bjørn Vistad, skrivar

